

Årsplan

2024/2025



Prestemarka barnehage skal vere
ein trygg plass å vere,
bygge vennskap, leike og lære!

Innhold

Føremålet med barnehagen sin årsplan	4
Årsplanen sin funksjon.....	4
Barnehagen sitt samfunnsmandat.....	5
Prestemarka barnehage	6
Barnehagen vår	6
Barnegrupper.....	7
Bemannings- og pedagognorm.....	7
Bemanningsnorm	7
Pedagognorm	7
Visjon	7
Verdiar	8
OPEN – ENGASJERT – MODIG.....	8
Kva betyr desse verdiane for Prestemarka barnehage?	8
Verdiar knytta til heilskapeleg og livslang læring.....	9
Demokrati.....	10
Mangfald og gjensidig respekt.....	11
Likestilling og likeverd.....	12
Berekraftig utvikling.....	12
Livsmeistring og helse.....	14
Trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.....	16
Barnehagen sitt innhald	17
Omsorg	17
Leik, vennskap og fellesskap	17
Danning.....	18
Læring	18
Kommunikasjon og språk	19
Fysisk miljø.....	19
Satsingsområder og utviklingsarbeid.....	20
Rekomp.....	20
Observasjon, planlegging, dokumentasjon, vurdering.....	20

Prestemarka barnehage sitt arbeid med	
FNs Berekraftsmål	21
Berekraftig livsstil	22
MILJØFYRTÅRN!.....	22
Barns medverknad.....	23
Samarbeid.....	24
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	24
Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar	26
Samarbeid med ungdomsskulen 2023-2024	26
Teieplikt, opplysningsplikt og avvergeplikt	27
Overgangar i barnehagen	28
Når barnet byrjar i barnehagen	28
Ovargangar innad i barnehagen.....	29
Overgongen til skule	29
Barnehagen som pedagogisk verksemd	31
Planlegging	31
Vurdering	32
Alle Med.....	33
Dokumentasjon	34
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet	
for barn som treng ekstra støtte	35
Arbeidsmåttane til barnehagen.....	36
Progresjon	36
Prosjektarbeid	36
Temaarbeid	37
Barnemøter	37
Fagområda.....	37
Årshjul 2023-2024.....	39
Kjelder	41

Førmålet med barnehagen sin årsplan

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.

(Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37)

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngeven i Barnehagelova og i Rammeplanen. Med utgangspunkt i Rammeplanen skal barnehagen sitt samarbeidsutval fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Det vert utarbeidd ein årsplan for kvart barnehageår i kvar barnehage. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på e-post til alle foreldre og føresette når den er fastsett. Årsplanen ligg til grunn for vidare arbeid med planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper ved behov.

Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen omsett barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndigheitene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Vi brukar den i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.

Barnehagen sitt samfunnsmandat

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdiar som kommer til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang.

Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter.

Dei skal ha rett til medverking tilpassa alder og forutsetningar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Barnehagelova, 2005, §1. Formål)

Prestemarka barnehage

Barnehagen vår

Prestemarka barnehage ligg i naturskjønne omgjevnader i Skodje sentrum. I tillegg til at vi ligg nært både bibliotek, idrettshall, fotballbaner og barneskulen har vi har kort veg til sjø, skogsterreng, lysløype, turstiar og gapahukar. Prestemarka barnehage opna august 2014 i eit nybygg som har kapasitet til å drive med 120 barnehageplassar. Prestemarka er ein av seks barnehagar som til saman utgjer **barnehageverksemd Ålesund Indre og Nordre (Harøy, Stette, Skodje, Prestemarka, Valle og Årøyhaugen bhg.)**



Avdelingar og barnegrupper

Prestemarka barnehage er bygd som ein L og har to avdelingar i kvar retning. Avdelinga på den “korte” sida kallar vi for **Knøttane**; den husar dei yngste barna (0-3 år), og består av barneguppene **Tua** og **Vika**. Avdelinga på den “lange” sida kallar vi for **Hakkespettane**; den husar dei litt eldre barna (2-6 år), og består i år av av barnegruppene **Straumen**, **Berget** og **Tinden**.

Bemannings- og pedagognorm

Vi følger dei nasjonale krava til bemannings- og pedagognorm.

Bemanningsnorm

Grunnbemanninga utgjer éin tilsett per tredje barn under tre år og éin tilsett per sjette barn over tre år. Barnet vert rekna som tre år f.o.m. 1. august det året barnet fyller tre år.

Pedagognorm

Pedagognormen utgjer éin barnehagelærer per sjuande barn under tre år og éin barnehagelærer per fjortande barn over tre år. Barnehagelærarane er inkludert i den totale grunnbemanninga.

Visjon

Visjonen til Prestemarka barnehage

*Prestemarka barnehage – skal vere ein trygg plass å vere,
bygge vennskap, leike og lære.*

Verdiar

All pedagogisk verksemd formidlar verdiar. Ein verdinøytral barnehage er verken mogleg eller ønskeleg. Vi må derfor gjere oss nokre verdival i barnehagen og ha ei bevisst haldning til desse vala. Personalet i ein barnehage har ulike tankar og meiningar om syn på barn, omsorg, leik, læring og verdiar dei meiner er viktige å vektlegge i arbeidet. Ved å ta desse verdiane og haldningane opp til diskusjon og refleksjon i personalgruppa vil det komme fram mange ulike perspektiv på emne og tema personalet diskuterer og reflekterer over. Det er viktig at alle tilsette er med i prosessane, for på den måten å «sikre» at ei felles forståing av verdiar og haldningar som er nedfelt i lov og rammeverk, preger det pedagogiske arbeidet. Denne prosessen vil tydeleggjere for kvar enkelt tilsett kva vårt syn på barn og våre verdiar og haldningar betyr for vår praksis.

OPEN – MODIG - ENGASJERT

Dette er Ålesund Kommune sine verdiar og skal styre dei tilsette sin arbeidskvardag. Når vi er på jobb, skal disse tre verdiane danne grunnlaget for det vi gjer, og korleis vi tenker og handlar i barnehagen.

Kva betyr desse verdiane for oss i Prestemarka barnehage?

OPEN

I Prestemarka barnehage vil vi vere ærlege og rause, lyttande og anerkjennande mot medarbeidarar, barn og føresette. Ein føresetnad for dette er gjensidig respekt og at vi er opne kring ulike måtar å vere seg sjølv.

MODIG

I Prestemarka barnehage skal vi vere opne med kvarandre og ha ei profesjonell haldning til omgjevnadane våre. Vi skal tore å seie meininga vår og vi skal tore å ta ei avgjerd på vegner av barna. Vi skal tore å prøve, feile og prøve igjen.

ENGASJERT

I Prestemarka barnehage skal alle vere deltakande i prosessar som gjeld heile barnehagen og alle skal ta eit personleg ansvar for dette. Vi skal vere påkobla og til stades for barn, medarbeidarar og føresette. Vi skal by på oss sjølve, vere engasjerte og støttande i leik og kvardagslege aktivitetar.

Verdiar knytta til heilskapeleg og livslang læring

Barnehagen bidreg til å danne eit godt grunnlag for livslang læring og aktiv deltaking for barna i eit demokratisk samfunn. Å møte enkeltbarnet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhørslse og anerkjenning og å sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskap, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Ifølge rammeplanen skal barnehagen sitt verdigrunnlag formidlast, praktisera og opplevast gjennomgåande i barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Desse verdiane er *demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring og helse.*



Demokrati

Vi skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle har anledning til å ytre seg, bli lytta til og delta. I Prestemarka barnehage lærer barna å dele i leikesituasjonar, under måltid og i samling.

Barna i Prestemarka barnehage skal oppleve at ting dei er interesserte i reflekterast gjennom leik, tilrettelegging av aktivitetar og det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Dei skal oppleve at deira innspel blir tatt på alvor og lytta til.

Barna skal få ei forståing for at dei har lov til å ha si meining, at andre har si meining og få støtte til gode løysingar. Sosiale relasjonar, empati og omtanke for andre er ein viktig del av eit menneske sitt liv. Barna i Prestemarka barnehage skal derfor få oppleve at nokon gongar må dei vise omsyn til andre sine ønsker ved at deira eige ønske må vente. Det er viktig at personalet set gode rammer for vala barna skal ta og gi moglegheit til å påverke innanfor dei rammene som gjeld.

Personalet i Prestemarka barnehage skal vere lyttande, gi rom for spontanitet og plass for å ta barna sine tilbakemeldingar og ønsker med i planar og daglege aktivitetar. Dette legg til rette for gjennom blant anna barnemøter, aktiv bruk av dagtavle og inndeling i små og stabile grupper gjennom dagen.



Mangfald og gjensidig respekt

I Prestemarka barnehage bygger vi innhaldet og aktivitetane på barnas egne interesser. Vår barnehage skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Prestemarka barnehage skal vise mangfaldet i vår barnehage og gi barna ei oppleving av at alle kulturar, likskap og skilnader har verdi. Det er viktig å bruke grunnlaget som barna møter i kvardagen slik at dei kan få «knaggar» å henge kunnskapen på. Barna skal oppleve at dei verdiane dei lærer i barnehagen kan vidareførast til det mangfaldet dei møter seinare i livet.

I Prestemarka barnehage verdset vi samarbeid og inkludering frå heimane og vi ønsker å synleggjere det rike mangfaldet. Det handlar om at vi skal våge å løfte fram ulikskapane og bidra til at barna og familiane kjenner seg stolte av sin bakgrunn. Vi er ulike saman!

Rockesokk – den internasjonale dagen for Down syndrom 21. mars

I Prestemarka barnehage oppfordrer vi alle til å gå med to ulike sokkar denne dagen for å vise at vi set pris på mangfald og at vi alle er forskjellige. Saman vil vi løfte frem at alle menneske har same verdi, heilt uavhengig av eigenskapar og diagnoser. Et mangfaldig samfunn er eit rikt samfunn. Hurra for ulikheiter!

#rockesokk

Ta på deg to ulike sokker 21. mars



Likestilling og likeverd

Alle barn og tilsette i Prestemarka barnehage er like verdifulle. Likeverd og likestilling skal ligge til grunn for all læring og pedagogisk verksemd i barnehagen vår. Målet om at gutar og jenter skal ha like moglegheiter betyr ikkje at vi skal pusse ut skilnadane mellom kjønna. I Prestemarka barnehage handlar det om korleis barna blir møtt. Vi ønsker at alle skal ha like moglegheiter til å delta i ulike aktivitetar. Personalet skal ikkje tileigne barna eigenskapar etter kva for eit biologisk kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livvssyn dei har. Personalet må reflektere over sine egne haldningar for best mogleg å kunne formidle og fremje likeverd og likestilling.

For å få til dette skal personalet i Prestemarka barnehage vere støttande, engasjerte og motiverande i møte med ønska til barna og i val av leik og aktivitetar. Personalet skal introdusere barna for nye og ukjende opplevingar.

Dette kan óg knyttast til mangfald og gjensidig respekt. Det handlar om å sjå det heile frå eit større perspektiv og sette det i samanheng med kvarandre. Vi ønsker å bryte med konforme og tradisjonelle mønstre for at barna skal få eit breiast mogleg erfaringsgrunnlag å ta med seg vidare i livet.

Berekraftig utvikling

Barna i Prestemarka barnehage skal få gode opplevingar av naturen og erfare at naturen er levande, verdifull og verdt å ta vare på. Personalet skal vise barna at naturen har nytte av at vi tek vare på den, at vi ryddar etter oss når vi er ute og at vi hjelper til med å ta vare på dyr og natur. Vi deltek blant anna i den årlege «Ruskeaksjonen» i kommunen, og vi kjeldesorterer avfallet i barnehagen.

Vi skal vise barna kva vi får frå naturen og at det vi får skal vere og vere att til andre når vi er ferdig. I Prestemarka barnehage gir vi barna naturopplevingar. Vi ønsker at barna blir kjend med mangfaldet i naturen og at dei får opplevingar med å kjenne tilhørslse til naturen. Vi legg vekt på sporlaus ferdsel når vi nyttar naturen som læringsarena. Vi bruker kunst inn mot naturen og naturen inn mot kunst. Barna skal blant anna få erfaringar og opplevingar knytta til fauna og flora som finnast i nærområda. Ein gong i året arrangerer vi klesbytedag for foreldra i barnehagen. Dette skjer under Miljøveka vår der vi òg har fokus på mange andre berekraftige aktivitetar.



Livsmeistring og helse

I Prestemarka barnehage har vi eit mål om å tilby sunn og variert kost alle barn og vi legg vekt på at barna skal vere i fysisk aktivitet gjennom dagen. I dette arbeidet får vi inspirasjon frå blant anna «Matjungelen». Dette er eit pedagogisk verktøy som skal inspirere dei tilsette og vere til hjelp i arbeidet med mat- og måltidsglede i barnehagen. Fokuset her er å la barna utforske, lære og undre seg over kva som er bra mat både for kroppen og kloden vår. Innhaldet i Matjungelen Barnehage er forankra i Rammeplan for barnehagen (2017) og Nasjonal faglig retningslinje for mat og måltider i barnehagen (2018). Vi tilbyr tre måltid per dag (frukost, lunsj og fruktmåltid). Under måltidsituasjonen arbieder vi med å vere bevisste på korleis vi kan skape mest mogleg matro og trivsel. Vi har blant anna faste rutiner på tilbereding av mat og så langt det let seg gjere kun ein tilsett som er «kelner». På den måten får barna alltid ein vaksen i ro ved matbordet som legg til rette for gode samtalar.

Vi går mykje på tur i nærområdet vårt, vi bruker Gomerhallen til hallaktivitetar og fotballbana på stadion til tilrettelagde aktivitetar ute. Det held òg på å byggast ei grindløe i regi av ungdomsskulen og elevar der, rett utanfor gjerdet vårt – nedi skogholtet. Når denne står klar har vi ein flott plass å gå på kortreist tur – ein plass å samlast, ete mat og ein plass som gir ly for både vêr og vind.

Prestemarka barnehage skal gi barna som går her trua på seg sjølv og andre. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjend med eigne og andre sine kjensler. Barna skal få utfordringar som krev noko av dei, og støtte og tryggleik som gjer at dei tør å ta utfordringar. Hos oss ønskjar vi at alle barn skal lykkast med noko kvar dag. Kvart enkelt barn skal kjenne seg sett og anerkjend.

I arbeidet med dette nyttar vi oss blant anna av materiell og oppgåver henta frå Livet& Sånn (livetogsann.no). Livet&Sånn er eit gratis opplæringsmateriell for folkehelse og leivsmeistring, utarbeida av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

LIVET & SÅNN



Illustrasjon frå nettsida www.livetogsann.no/barnehage/med-barna/barnehagevenner/bruk-snakkebildet. Dette bildet er eit samtaleverktøy til bruk saman med barna.

Trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Ålesund kommune har utarbeidd ein plan for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø som set fokus på førebyggjande arbeid i barnehagen, og skal gi barnehagetilsette eit verkty til støtte i arbeid om nulltoleranse mot mobbing og krenkingar i barnehagen.

Aktivitetsplika jmf. §42 i barnehagelova inneber ei skjerpa plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. For å sikre dette arbeidet har Ålesund kommune utarbeida ulike sjekklister og prosedyrer som skal utførast i barnehagen. Desse prosedyrene er:

- Aktivitetsplan
- Meldeskjema ved mistanke om krenkingar eller mobbing
- Sjekkliste for å ivareta nulltoleranse og aktivitetsplikt
- Sjekkliste for gode tiltak i konkrete saker

Som tilsett finn ein alle skjema og prosedyrer i Compilo; Ålesund kommune sitt digitale system og dokumentbibliotek for HMS og internkontroll.



Innhaldet i barnehagen

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

(Rammeplanen kap. 3)

Omsorg

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Dette betyr at barna vert møtt med omsorg.

I Prestemarka barnehage vil vi arbeide etter **involveringspedagogiske** prinsipp.

Dette inneber at vi skal vere lyttande vaksne som evnar å sjå barnet som eit kompetent og likeverdig individ. Hovudprinsippa i involveringspedagogikken er å gi ansvar og val innanfor trygge rammer. Vi vil arbeide på ein slik måte at:

- Alle vert sett, høyrd og tekne på alvor
- Vi respekterer og anerkjenner kvarandre
- Vi er optekne av å synleggjere kvarandre sine ressursar
- Vi jobbar for å forsterke positive trekk ved kvarandre spesielt, - og barnehagen generelt

Leik, vennskap og fellesskap

Heilt frå barnet er nyfødt, er det aktivt og utforskande i forhold til omgjevnadane. Samspel med andre menneske har stor betydning for utviklinga til barnet. Barn skaper grunnleggande haldningar til seg sjølv og andre menneske gjennom dei erfaringane dei får i den tidlege barndom. Den er ei grunnleggande livs – og læringsform for barn. Det er fleire grunnar til at leiken skal ha stor plass i barnehagen. Gjennom leik vert vennskap skapt, på tvers

av kulturell og språkleg ulikskap. Vennskap er grunnleggande for at barn skal trivast. Barn lærer å forestille seg, ta andre sitt perspektiv og gi uttrykk for kjensle og meiningar i leiken. Språket vert utvikla når ord knyttast til handling. Barnet får øving i samhandling med andre og utviklar sosial kompetanse. Leiken speglar samfunnet og verda rundt oss og den fortel oss noko om kva som opptek barna. Dei får moglegheit til å forstå omgjevnadane og bearbeide inntrykk gjennom leik. Leik er barnekultur som vert overført frå eldre til yngre barn. Og ikkje minst møtes barnet med sin særeigne humor i leiken, og kjenner livsglede. Leik har verdi i seg sjølv!

Personalet har eit særleg ansvar for å observere, delta og bidra til at alle barn får vere med i leik. Personalet skal saman med barna legge til rette det fysiske miljøet, både ute og inne, slik at det inspirerer til leik.

Danning

Danning er eit omgrep som handlar om utvikling av personlegheit, oppførsel og moral til eit menneske. Omgrepet fokuserar på individet si evne til å forme seg sjølv og skil seg på den måten frå omgrep som sosialisering, oppdragelse, utdanning og andre pedagogiske aktivitetar (www.snl.no/dannelse). Danning dreier seg for oss i Prestemarka om ei livslang og heilskapeleg tilnærming, ikkje berre til det oppveksande barnet, men til barnet her-og-no. Det er lite som er fasit, men gjennom gode erfaringar og opplevingar ønsker vi å gi barna eit berekraftig fundament i den livslange læringa og i livsmeistringa generelt.

Læring

Prestemarka barnehage skal skape eit stimulerande miljø for barna som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og mestre! Vi skal utvide barna sine erfaringar og støtte barna i deira refleksjonar for å skape forståing og meining kring «hundre millionar av ting» saman med dei. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Vi legg vekt på ei heilskapeleg og leikande tilnærming til læring. Meistring og sjølvstende ser vi på som viktige prosessar som barna skal møte og utvikle seg gjennom. Barnehagen skal også vere ein lærande organisasjon for dei

tilsette i barnehagen. I dette ligg det at vi heile tida skal kunne utvikle oss og lære nye ting gjennom refleksjon i fellesskap, interne og eksterne kurs og liknande. Vi ønsker å vere ein profesjonell og fagleg sterk barnehage som er rusta til å møte stadige nye krav og forventningar frå overordna mynde og samfunnet for øvrig.

Kommunikasjon og språk

Kommunikasjon og språk påverkar og vert påverka av alle sider ved barnet si utvikling. I Prestemarka barnehage anerkjenner og verdset vi barna sine ulike kommunikasjons-uttrykk og språk, - medrekna nonverbal kommunikasjon, «teikn-til-tale» og teiknspråk.

Gjennom aktiv bruk av blant anna dagtavle nyttar vi også bilete som støtte i kommunikasjon med alle barna.

Fysisk miljø

Det fysiske læringsmiljøet i Prestemarka barnehage ber preg av å vere eit «ikkje-statisk» miljø. Romma vert utforma med bakgrunn i observasjon av og medverknad frå dei barngruppene som oppheld seg der, og kan få forskjellige uttrykk gjennom ulike prosjektperiodar. Fantasien får utfalde seg og vi tek gjerne naturmateriale som sand, kongler, treklossar o.l. med oss inn. Uteområdet er ope og gir moglegheiter for fri utfolding og bruk av fantasien. Naturskogen på barnehagen sitt uteområde gir variert terreng og gode moglegheiter for variert leik. Rett på utsida av gjerdet vårt har vi også fått oss ei fin grindløe.

Satsingsområder og utviklingsarbeid

ReKomp

Målet med regional ordning for kompetanseutvikling (ReKomp) i barnehage er at det skal bidra til at barnehagar utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Ordninga er eit av fleire verkemiddel for å gje alle barn eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet i tråd med lov og føreskrifter. Fleirårig kompetanseplan tek utgangspunkt i ei kartlegging og vurdering av lokale kompetansebehov. Behova er deretter vurdert med utgangspunkt i Rammeplanen for barnehage og kompetansestrategien «Kompetanse for framtidens barnehage».


Observasjon, planlegging, dokumentasjon og vurdering

I Prestemarka barnehage har vi valgt temaet «Observasjon, planlegging, dokumentasjon og vurdering». Dette vert ei forlenging av same tema frå 2022-23 og 2023-24. I 2024-25 barnehageåret skal vi halde fram med å implementere pedagogisk dokumentasjon som arbeidsmetode og vi skal ha særskilt fokus på korleis kvardagsaktivitetane våre kan gi meir rom for undring. Vi skal vere ein barnehage med ein produktiv undringskultur som spelar på lag med barna! Barnehagelærarane (ped. 2) i personalgruppa utgjer arbeidsgruppa som skal jobbe fram ReKomp i vår barnehage. «ReKompisane» har ansvaret for å vere bindeleddet mellom planlegginga i arbeidsgruppa og iverksetjing og gjennomføring av utviklingsarbeidet på eiga avdeling. I tillegg til dette skal ReKomp/utviklingsarbeid alltid vere på agendaen når vi har ped.leiarmøter og avdelings-/ gruppemøter.

HØGSKULEN I VOLDIA

VOLDAMODELLEN

Ein utdanningsmodell for læring, deltaking og kompetanseutvikling.



Voldamodellen som strategi

Metode nedfelt i strategien

Aksjonslæring der ein prøvar ut aksjonar mellom Utdanningsmøta (møtestad). Ein ser på og testar ut neste praksis.

Aksjonslæringspiralen

Dialogkonferansemodellen i der alle parter har ei aktiv deltaking både på utviklingsmøter og utviklingsdagar/fagdagar.

Kunnskapsutvikling i praksisfeltet som skapar eit godt profesjonsfellesskap og ein lærande organisasjon.

Lærarstøtte der relevante tema knytt til det å leie utviklingsarbeid vert tematisert

Prestemarka barnehage sitt arbeid med FNs Berekraftsmål

FNs berekraftsmål er verdas arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. FNs berekraftsmål består av 17 mål og 169 delmål. Måla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Ein kan lese om alle berekraftmåla på FN sine heimesider: FNs bærekraftsmål



FNs BEREKRAFTSMÅL



Illustrasjon: FN sine mål for berekraft. Dette er mål som Ålesund Kommune forpliktar seg til og som barnehagen skal ha eit bevisst forhold til.



I Prestemarka barnehage har vi valgt oss ut **eitt felles berekraftsmål** for vårt arbeid inn mot dette. Vårt berekraftsmål er nummer 12: Ansvarleg forbruk og produksjon.

Vi ønsker å bidra til å sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønstre gjennom blant anna å fokusere på overforbruk og ein berekraftig livsstil.

Berekraftig livsstil

For å sikre gode levekår for noverande og framtidige generasjonar må også kvar enkelt forbrukar endre livsstil. Det inneber å redusere ressursbruken, øydelegging av miljøet og klimautsleppa som eit samfunn og som enkeltperson. På sikt vil dette leie til økonomisk vekst, begrense klimaendringar og auke kvaliteten til menneske på jorda. I Prestemarka barnehage har vi framtidias arbeidstakarar, lærarar, leiarar, ingeniørar, miljødetektivar og statsministrar mm. – og vi skal sørge for at dei får erfaring med å allereie no ta berekraftige val for si eiga og andre si framtid.

Arbeidet fram mot sertifiseringa som **MILJØFYRTÅRN** vert ein del av dette.

Miljøfyrtårn

Ålesund Kommune har starta arbeidet med å sertifisere alle sine verksemder som **Miljøfyrtårn**.

Sertifiseringskriteria dekker viktige områder som arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport. Aktuelle temaer som matsvinn og plast er inkludert i dette og gir verksemda gode føresetnadar for å gjennomføre effektive og lønnsomme miljøforbedringer, samtidig som det **bidreg til å oppnå fleire av FN's berekraftsmål**.

For ei mest mogleg hensiktsmessig gjennomføring, fordeler verksemda ansvaret for dei ulike sertifiseringskriteriaa mellom hovedkontoret (Rådhuset/ÅKE) og barnehagen.



Miljøfyrtårn®

Arbeidet med sjølve sertifiseringa vil ligge til miljøfyrtårnansvarlege (styrar og verksemdsleiar), i Prestemarka barnehage, men skal implementerast i heile personalgruppa. Miljøfyrtårn skal vere ein naturleg del av det pedagogiske arbeid med barna.

Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jf. Lov om barnehagar kap. II- §3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr. 1.

I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.

Ei vid forståing av omgrepet «barns medverknad» inkluderar barnet sin rett til å få støtte i å uttrykke seg, vere synleg og deltakar i sosiale samanhengar. Det handlar om å gi barn rom – både i fysisk og psykisk forstand – for å uttrykke seg og verke/handle saman med andre. Ei slik tolking vil inkludere barna som deltakarar i beslutningsprosessar og omgrepet medbestemmelse vil inngå som ein del av det å medverke.

Alle barn i barnehagen skal ha dei same moglegheitene og få ulike erfaringar med varierte aktivitetar. Vi vil at alle skal få utvikle seg i tråd med sine interesser og evner. Barnehagen sin kunnskap og perspektiv er medverkande til at barna skal kunne utvikle toleranse, nestekjærleik og ha rom for mangfald i barnehagen.

Samarbeid

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

(Rammeplanen kap. 5)

I Prestemarka barnehage er vi opptekne av at den daglege kontakta mellom heim og barnehage er positiv. Vi ønsker å ha ein god og open dialog når foreldre leverer og henta barna sine. Det er viktig at foreldre gir barnehagen informasjon om barnet t.d. har sove dårleg, ete lite, eller andre ting som skjer i heimen, slik at vi kan møte barnet på best mogleg måte. Foreldre skal og få dagleg informasjon frå barnehagen om sitt barn.

For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

I Prestemarka barnehage har vi ulike plattformer for samarbeid med heimane:

IST Home/Daglig Dialog

IST Home er appen der dei føresette kommuniserer med barnehagen. Dei føresette ser alle sine barn som går i barnehage eller SFO og skule i same app. På denne måten får dei føresette betre kontroll og oversikt.

- Registrering av fråvær/ferie/nærver
- Føresette får opp planleggingsdagar og andre dagar barnehagen er stengt i barnas opphaldsplan
- Føresette registrerer ferie og anna fråvær på eige barn

BESKJEDER OG INFORMASJON **UT** FRÅ BARNEHAGEN

- Dagsrapportar m/bilder
- Månadsbrev

- Månadsplanar
- Avdelingschat
- Diverse informasjonsskriv til foresatte/foreldre
- Diverse informasjon frå FAU (via innlegg frå styrar)

Foreldrerådet består av heile foreldre/føresett-gruppa i barnehagen og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet sitt Arbeidsutval (FAU). Foreldrerådet kan sjølv avgjere om dei vil opprette eit arbeidsutval. I motsetnad til i skulen er ikkje FAU lovpålagd i barnehagane. Prestemarka barnehage har FAU.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene.

Det daglege samarbeidet i Prestemarka barnehage er det dagelege samarbeidet og dialogen med heimen viktigast. Å vite frå kvarandre korleis barnet har det heime, og i barnehagen samt andre viktige beskjedar til og frå er noko vi ønskjar å få til kvar einaste dag.

Foreldresamtalar

Vi legg opp til ulike typer foreldresamtalar gjennom året.

- Oppstartsamtale: i forbindelse med tilvenning i barnehagen
- Oktober/november: obligatorisk foreldresamtale
- April/mai: tilbod om foreldresamtale til alle, men ikkje obligatorisk for dei som hadde samtale på hausten

Foreldrearrangement FAU ved Prestemarka barnehage arrangerer kvart år nokre felles sosiale aktivitetar for foreldregruppa, som til dømes julefest, sommarfest og dugnad.

Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar

Regjeringa ventar – at kommunar og fylkeskommunar arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et heilskapleg tilbod. Godt tverrfagleg samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng.

(St.meld. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeider barnehagane tverrfagleg med ulike aktørar som til dømes Høgskulen i Volda, PPT, barneverntenesta, helsestasjonar, skular m.m. Samarbeidsaktørar særskilt for Prestemarka barnehage er Skodje barneskule, Skodje omsorgssenter, Prestemarka dagsenter, Skodje bibliotek og Skodje kyrkje.

Grindløa

Rett nedanfor barnehagen ligg den flotte grindløa vår. Grindløa er bygd av elevar ved Skodje ungdomsskule, som hadde valfaget «Kulturarv» 2021-2024. Hit reiser små og store på kortreist langtur rett som det er.



Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt

Barnehagelova § 44 pålegg teieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen blir kjent med gjennom si stilling (jf. Fvl. § 13). Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal bli informert om opplysingar i høve familieforholda til barn som kan vere avgjerande for opphald, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 46 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikt, å gi opplysingar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det fins mishandling av barn i heimen eller andre formar for alvorleg omsorgssvikt, også kalt meldeplikt. I tillegg skal ein gi opplysingar til barneverntenesta når ein bli bedd om det.

Ifølge straffelovens generelle bestemming om avverge, §196, er einkvar forplikta til å søke å avverge ei straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt då det fremdeles er mogleg, og det framstår som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil bli begått. Den generelle avvergingsplikta gjeld også tilsette i barnehagen.

Alle tilsette i barnehagen har godkjent politiattest.



Overgangar i barnehagen

Barnehagen er ein institusjon for omsorg, danning, leik og læring, og den skal bidra til ein god start på livet og livslang læring. I samarbeid med foreldre skal barnehagen leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god start på barnehagelivet. Når barnet kjenner seg trygg, vil det lettare ha fokus på utforsking, leik og læring.

Livet består av mange overgangar, men nokre er større og meir krevjande enn andre. Det å starte i barnehagen er ei stor omvelting for både born og foreldre. Overgangar er naudsynte og kan opplevast meningsfulle, men det krev at endringa er mest mogleg «forståeleg». For barnet inneber dette ei oppleving av samanheng mellom heim og barnehage. Det må skapast kontakt og forbinding frå det kjente til det ukjente, og dei vaksne skal vere bindeledd og skape heilheit. Dette er for øvrig viktige faktorar også når born skal skifte avdeling/ gruppe innad i barnehagen.

Når barnet byrjar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen.


Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.

Personalet skal sørgje for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe

(Rammeplanen kap. 6)

Ein overgang medfører endringar i dei vande rammene og rutinene kring barnet. Det å starte i barnehagen skal opplevast som ein god start med tanke på utvikling av både tryggleik og tilhørslse for barnet, men òg foreldra skal kjenne seg trygge. Tilvenning, tryggleik og tilhørslse er nøkkelord knytta til alle overgangar i løpet av barnehagetida.

Planane våre for oppstart i barnehagen er tufta på «Trygghetssirkelen - Circle of Security» og då med fokus på barn sitt behov for støtte i utforskning og for støtte når ting blir vanskeleg. Den legg vekt på omsorgsfulle og varme vaksne som kan klare å sjå kor barnet er på sirkelen gjennom ein heil barnehagedag. I planen legg vi og vekt på at trygge foreldre gir trygge barn. Dette er viktige moment for ei sikker tilknytning.



Overgangar innad i barnehagen

Personalet skal sørge for at barnet og foreldre får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe.

(Rammeplanen kap. 6)

I Prestemarka barnehage har vi utarbeida ein plan for korleis vi skal jobbe best mogleg for å sikre ei trygg tilknytning for alle barn i barnehagen vår. Det gjeld både for nye barn og for overgong mellom grupper internt i barnehagen.

Overgang til skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.

(Rammeplanen kap. 6)

Samarbeid mellom “sentrums-barnehagane” på Skodje

Det er tre barnehagar på Skodje med barn som hovudsakleg tilhøyrrer Skodje skulekrins. Dette er Prestemarka barnehage, Skodje barnehage og Plassebakken barnehage. Vi tre barnehagane opprettar kvar haust eit samarbeid på tvers av barnehagane som skal handle om at skulestartarane frå kvar barnehage møtast jamleg - besøker kvarandre sin barnehage, syng saman og leikar saman. Alle tre barnehagane er også rosaruss – saman.

Samarbeid med skulen

Prestemarka barnehage samarbeidar med Skodje barneskule kring tilvenning. Barn som eventuelt søker seg til andre skulekretsar enn Skodje deltek på det same som resten av barnegruppa, men vil i tillegg bli inviterte til «sin» skule sine overgongs-møtepunkt. Ansvar for å følgje opp dette ligg hos den enkelte skule i kommunikasjon med dei føresette.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast.

Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane.

(Rammeplan kap. 7)

Planlegging

Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe.

(Rammeplan kap. 7)

Planlegging gjev personalet grunnlag for å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet. I Prestemarka barnehage skal planlegginga vere basert på kunnskap om trivselen til barna og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Ho skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre. I Prestemarka barnehage bruker vi gruppemøta aktivt til å planlegge innhaldet i tida framover. Vi skal òg bruke barnemøta som utgangspunkt til å t.d. lage tankekart med barna sine synspunkt. Dette vil vere gode grunnlag for å planlegge den pedagogiske verksemda på gruppenivå.

Vurdering

Hovudføremålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift.

(Rammeplan kap. 7)

Det pedagogiske arbeidet skal vurderast – det vil seie at det skal skildrast, analyserast og fortolkast ut i frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen. Systematisk vurdering legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon. Vurdering er viktig for å vidareutvikle det pedagogiske arbeidet i barnehagen og skal vere til hjelp for personalet i vidare planlegging.

I Prestemarka barnehage bruker vi blant anna avdelingsmøta aktivt til å vurdere måloppnåing av det pedagogiske arbeidet. Kunnskap om trivsel, den allsidige utviklinga i barnegruppa og kring enkeltbarn er viktig for å gi alle barn eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal derfor observerast og vurderast fortløpande, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadene til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget. I tillegg har vi utarbeida våre egne pedagogiske standardar for korleis vi utfører deler av arbeidet vårt. Målet vårt er at vi skal gjennomføre eigenvurdering og reflektere over desse gjennom heile året. Pedagogiske standardar vi har ut:

1. Foreldresamarbeid
2. Grensesetting
3. Kommunikasjon mellom tilsette
4. Kommunikasjon vaksen-barn

Kvalitet i barnehagen – prosedyre for det ordinære barnehagetilbudet

I dei fleste barnehagar oppstår det behov for tettare oppfølging av barn, barnegrupper eller faktorar i omgjevnadane i kortare eller lengre periodar. Innanfor det ordinære tilbudet barnehagen skal gi, kan tidlege tiltak bidra til å hindre negativ utvikling. Det er viktig at det systematiske arbeidet kjem tidleg i gang, og at tiltak som vert sett inn er så konkrete og målretta som råd.

«Kvalitet i barnehagen» er ei prosedyre som skal bidra til at arbeidet blir sett i gang tidleg, og ein prosess som tek høgde for både individuelle og kontekstuelle tilpassingar. Verktøya (skjema) «Undring» og «Frå undring til tiltak» skal vere til hjelp i ulike fasar av arbeidet. Det er viktig at barnehagane gjer eigne faglege vurderingar i høve innhald og metodar undervegs ved bruk av skjema og dei skal vere til hjelp i prosessen frå tidleg undring over i undersøking, analyse, tiltak og evaluering. Dei skal bidra til målretta og fokusert tilbod innanfor barnehagen sitt ordinære og allmennpedagogiske tilbod over ein kortare eller lengre periode. Verktøya skal også sikre eit tydeleg fokus på foreldremedverknad.

Hensikt/mål

- Styrke barnehagen sitt ordinære tilbod i høve systematisk arbeid med faktorar som bidreg til eit godt miljø for alle barn
- Sikre heilskapleg innfallsvinkel, dvs. i større grad systemisk arbeid med miljø og omgjevnader som kan forsterke god utvikling
- Sterkare systematikk i arbeidet med omgjevnadar, barnegrupper og einskildebarn
- Bidra til tidlegare og betre foreldresamarbeid

Alle Med

I Prestemarka barnehage skal vi kjenne styrkane og potensialet til kvart enkelt barn. Vi utarbeidar det pedagogiske innhaldet basert på barnas utvikling, behov og naturleg progresjon. Som eit ledd i dette nyttar vi ulike observasjonsverktøy, blant anna «Alle Med»-sirkelen. Dette verktøyet bidreg til å kvalitetssikre den daglege

observasjonen. "Alle Med" bygger på dei sosiale og språklege sidene av barns utvikling og gir eit heilskapeleg bilde av kva barnet meistrar. Vi bruker "Alle Med" som støtte i å sikre at kvart enkelt barn gis gode moglegheiter for utvikling. I Prestemarka barnehage kan "Alle Med" vere eit utgangspunkt for foreldresamtalar.

«Alle Med»-verktøyet og tilhøyrande skjema for foreldresamtalar skal bidra til ein betre overgang når barnet bytter gruppe og ved eventuell overgang til ny pedagog/primærkontakt. Målet er at vi snakkar «same språk» og kvalitetssikrer at informasjon og observasjon om barnets utvikling vidareførast.

Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om eigne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande.

(Rammeplan kap. 7)

Dokumentasjonen skal gi foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemynde informasjon om kva barn opplever, erfarer, lærer og gjer i barnehagen, samt vise korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

Vurdering av trivselen og den allsidige utviklinga til barnegruppa og enkeltbarn skal dokumenterast når det er nødvendig for å gi eit tilrettelagt tilbod. Det kan gi grunnlag for å tilpasse og vidareutvikle det pedagogiske arbeidet. Til dette arbeidet nyttar vi oss av verktøya «Undring» og «Frå undring til tiltak» utarbeida av Ålesund kommune.

Det daglege arbeidet på kvar avdeling vert dokumentert og delt med føresette via innlegg i IST Home.

Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Eit etisk perspektiv skal derfor liggje til grunn ved dokumentasjon av barnegruppa og enkeltbarn. Personopplysningar skal behandlast i samsvar med personopplysningslova. Behandling av personopplysningar vil seie all innsamling, registrering, samanstilling, lagring og utlevering av opplysningar og vurderingar som kan knytast til ein enkeltperson. Dersom barnehagen skal utlevere personopplysningar om barnet til andre instansar og det ikkje ligg føre nokon lovheimel, må foreldra samtykkje til det. Kravet om samtykke frå foreldra gjeld til dømes ikkje i tilfelle der personalet deler personopplysningar med barnevernet for å oppfylle opplysningsplikta i barnehagelova § 22

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter barna sine behov og føresetnader, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meningsfullt fellesskap.

Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbudet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottek spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbudet.

(Rammeplan kap. 7)

I Prestemarka barnehage tilrettelegg vi det allmennpedagogiske tilbudet for barna som treng ekstra støtte gjennom blant anna;

- Dagtavle for alle barna
- Inndeling i små grupper gjennom heile dagen
- Aktiv bruk av teikn-til-tale og andre verkty for supplerande og alternativ kommunikasjon (ASK - særskilt for dei avdelingane som har barn som treng dette)

Arbeidsmåttane til barnehagen

Progresjon

Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø.

(Rammeplan kap. 8)

Progresjon i det pedagogiske arbeidet skal sikre systematisk, heilskepeleg og kontinuerleg utvikling av barna sine ferdigheiter, kunnskapar og læring innanfor alle fagområda. I Prestemarka barnehage handlar det først og fremst om å skape variasjon i aktivitetar og innhald, i tillegg til at barna møter eit tilrettelagd lærings- og utviklingsmiljø.

Prosjektarbeid

I Prestemarka barnehage har vi vald å bruke prosjekt som arbeidsmetode når vi arbeider med medverknad, rammeplanen sine sju fagområde, omsorg, leik og læring. Alle gruppene vel ulike prosjekt som dei arbeider med heile barnehageåret. Prosjekta blir valt ut frå barna sine initiativ og interesser og det er barna si undring som leier utviklinga av innhaldet og prosessen i prosjektet. Barn har rett til å medverke i sin eigen kvardag. Dette tyder i praksis at barn skal få komme med idéar og innspel, som kan resultere i eit større eller mindre prosjekt i barnehagen. Eit slikt arbeid får ulik form ut frå alder, interesse og samansetjinga

som til ei kvar tid er i barne- og personalgruppa. Deltaking, det å få oppdage ulike fenomen, sjå samanhengar utifrå eigne opplevingar og refleksjonar er ein god måte å lære på. Læring skjer når barnet er aktivt, og når det får moglegheit til å undersøke, utvide og fordjupe seg i det som verkar spennande og interessant. Målet er å skape ein arena for fordjuping og forståing.

Temaarbeid

Det er styrar og barnehagelærarane i samarbeid med dei øvrige barnehagetilsette som utarbeidar innhald og prosess i temaarbeid. Temaarbeid kan ha ulik varigheit og gå djupare inn i eit tema enn prosjektarbeid. Nokre tema kan gå over heile barnehageåret, andre over ei kortare tidsperiode. Døme på temaarbeid er blant anna «Brannvernveka», «FN-veka og «Barnehagedagen».

Barnemøter

Kvar avdeling har eit barnemøte i løpet av dagen. Dette møtet skal bere preg av dialog, turtaking, lytte, bli lytta til, ta val og reflektere saman med andre. På barnemøta får barna systematisk oppleving med demokratiske prosessar. Det einskilde barnet skal få opplevingar der det kjenner at det blir sett og høyrte samstundes som det meistarar å vere ein del av ei gruppe. Dette handlar om å ta initiativ, vente på tur, lytte til andre, bli lytta til, få lov til å velje, av og til få det slik som ein sjølv vil og av og til la fleirtalet bestemme. Barn som meistarar å veksle mellom desse rollene, blir trygge barn som ynskjer å påverke omgjevnadane sine på ein positiv måte. Vi bruker dagtavler som pedagogisk verkty under barnemøta.

Fagområda

Den norske barnehagetradisjonen bygger på eit heilskapleg læringssyn. Omsorg og leik, læring og danning er svært viktige element i grunnlaget for det pedagogiske tilbodet i Prestemarka barnehage. Kvart enkelt barn er kompetent og har ibuande ressursar som skal få komme til uttrykk og utviklast i barnehagen. Barns eigen nysgjerrigheit og undring legg grunnlaget for livslang læring.

Barn skal støttast og oppmuntrast til å uttrykke seg, bli synlege og ha rom for medverknad. For oss handlar det om å gje barn rom, i både i fysisk og psykisk forstand, for å uttrykke seg saman med

andre. Kvant enkelt barn skal oppleve å bli sett, høyrd og forstått av anerkjennande, tydelege og ansvarsfulle vaksne.

Innanfor kvart fagområde legg vi til rette for progresjon og utvikling etter enkeltbarnet og barnegruppa sitt behov. Når man skal støtte barnet i den nærmaste utviklingssona, er det svært viktig å forstå kvar det enkelte barnet er i si læring og utvikling. Det er også viktig å forstå barnegruppa og korleis man kan støtte leik og læring i gruppa. Då er barnehagelærarane sin faglege kompetanse heilt avgjerande. Det er viktig å fokusere på og legge til rette for dei mange støttehandlingane som barnehagelæraren, fagarbeidarane og assistentane gjer i løpet av dagen. Dette for å fremme barns trivsel, læring og allsidige utvikling.

Vi arbeider ut i frå retningslinjene gitt av «Rammeplan for barnehagen» når vi jobbar med dei ulike fagområda. Desse er:

- **Kommunikasjon, språk og tekst**
- **Kropp, rørsle, mat og helse**
- **Kunst, kultur, og kreativitet**
- **Natur, miljø og teknologi**
- **Mengd, rom og form**
- **Etikk, religion og filosofi**
- **Nærmiljø og samfunn**

Barnehagerute 2024-2025 Gjeld for kommunale barnehagar i verksemd Ålesund indre og nordre

AUGUST	Barnehageåret startar 1. august. Fredag 16. august: Planleggingsdag - Harøy, Skodje, Valle, Årøyhaugen og Stette barnehage er stengt. Fredag 23. august: Planleggingsdag - Prestemarka barnehage er stengt.
SEPTEMBER	Kvar barnehage har stengt ein dag i september/oktober. Måndag 30. september: Studiedag - Stette barnehage er stengt. Måndag 28. oktober: Studiedag - Harøy barnehage er stengt. Tysdag 29. oktober: Studiedag - Skodje og Prestemarka barnehage er stengt. Fredag 1. november: Studiedag - Valle og Årøyhaugen barnehage er stengt.
OKTOBER	Veke 41: Haustferie i skulane.
NOVEMBER	
DESEMBER	Barnehagane er stengd julaften og nyttårsaften.
JANUAR	Torsdag 2. januar: Planleggingsdag - Barnehagane er stengt.
FEBRUAR	Veke 8: Vinterferie i skulane.
MARS	Torsdag 13. mars: Planleggingsdag - barnehagane er stengt
APRIL	Barnehagane stenger kl. 12.00, onsdag 16. april i påskeveka. Barnehagane opnar tysdag 22. april etter påske. Planleggingsdag: Fredag 28.04.25 - Harøy barnehage er stengt.
MAI	Fredag 30. mai: Planleggingsdag - Valle, Prestemarka, Skodje, Stette og Årøyhaugen barnehage er stengt.
JUNI	Ferieavviklinga varierer frå barnehage til barnehage. Alle barnehagane i Skodje og Ørskog er feriestengt i veke 29 og 30.

JULI

Ferieavvikling kan variere frå barnehage til barnehage og utifrå gjeldande vedtekter kan barnehagane stenge i inntil tre veker i samband med ferie, men med egne retningslinjer for kvar verksemd. Kommunestyret gjorde vedtak om endring av opningtider i ferie etc i sitt møte i juni 2024. Dette inneber at vedtektene må endrast og korleis evt feriestenging vert sommaren 2025 er dermed uavklart. Vi informerer så snart dette er avklart.

Barnehagane har 5 studie- og planleggingsdagar i løpet av eit barnehageår. Studiedagar er fellesdager for fleire barnehagar i kommunen. Planleggingsdagar er individuelle dagar for den enkelte barnehage.

Oversikt over dei fem studie- og planleggingsdagane i 2024-2025

Harøy	Årøyhaugen	Prestemarka	Valle	Skodje	Stette
16.08.24	16.08.24	23.08.24	16.08.24	16.08.24	16.08.24
28.10.24	01.11.24	29.10.24	01.11.24	29.10.24	30.09.24
02.01.25	02.01.25	02.01.25	02.01.25	02.01.25	02.01.25
13.03.25	13.03.25	13.03.25	13.03.25	13.03.25	13.03.25
28.04.25	30.05.25	30.05.25	30.05.25	30.05.25	30.05.25

Kjelder

Rammeplan for barnehagen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Lov om barnehager: Lov om barnehager (barnehageloven) - Lovdata
Stortingsmelding nr 6: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

FN's berekraftsmål: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

Barnekonvensjonen: <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen>



